



Fredag kl.13.10 går Rosendal Musikklag på NM-scenen i Grieghallen i Bergen. Her ser vi korpset på Før-NM-konserten i samfunnshuset.

**Rosendal Musikklag har brukt helga til å finpusse NM-forma. Som vanleg er det musikarar frå Uskedalen som tar del i dette. I år er det tre med Uskedalsbakgrunn; - det er Gunnvald Friheim(kornett), Øyvind Naterstad(bariton) og Inger Naterstad(slagverk). Komande fredag går dei på scenen i Grieghallen kl. 13.10, men allereie søndag ettermiddag hadde dei gjennomkjøringskonsert i Rosendal Samfunnshus for det lokale publikum.**

På konserten søndag fekk publikum først høyre to hymner, før dei spela NM-stykket. Dei har valt eit fint stykke, 'Symfonic Contrast', som er skriva av den sveitsiske komponisten Etienne Craussaz. Slike gjennomkjøringskonsertar er nyttige for korpset, men det er og svært kjekt for publikum å høyre brassbandstykket som det har vore jobba ekstra godt med.

I NM deltar i år 75 brassband, med over 2000 musikarar, fordelt på 6 divisjonar; - frå elite til 5.divisjon. Rosendal skal i år delta i 5.divisjon etter at dei rykte ned i fjor. Fleire musikarar gav uttrykk for håp om divisjonsiger og opprykk slik at dei er tilbake i 4.divisjon til neste år. Det burde vera ei fornuftig og realistisk målsetjing. Dirigent for korpset i NM er Petro Romanyshyn frå Odda som får mykje vellæte frå musikarane som ein dyktig dirigent og eit svært sympatisk bekjentskap.

To andre sunnhordlandskorps deltar i NM. Sagvåg Musikklag spelar i 2.divisjon, og var nær ved å kvalifisere seg til 1.divisjon. Tysnes Musikklag spelar i 3.divisjon etter opprykk etter NM i fjor. Dirigent for begge desse korps i NM er Yngve Nikolaisen som er godt kjent frå dirigenttinsats både i Rosendal og Uskedalen.

Vi kryssar fingrane og ønskjer alle sunnhordlandskorpsa lukke til.

Av: Thor Inge Døssland.